

# Møtebok 1 i Lykling sokneråd 08.01.20

**Tid:** kl 17:30-19:30, **Stad:** Lykling kyrkje

**Rådsmedlem:**

Fridleif Lydersen, Sissel S. Gåsland, Heidi Vold Ådnanes, Linda S. Gunnarsjå, Elisabeth Bjørnevik, Astrid L. Sakseid.

**1.vara:** Arne Thorsen

**Saksliste:**

**Sak 01-20 Godkjenning av referat og innkalling.**

Godkjent

**Sak 02-20 Meldingar og skriv**

-Gudstenesta på Helvik vert flytta frå 07.06.20 til 14.06.20

Arne gir Sverre Leon beskjed om endringa.

-Driftstilskot til sokneråda frå fellesrådet. Tilbakeført til fellesrådet som tilskot til diakonistillinga.

-Takk frå Aksel Lygre for kyrkjeoffer til vennskapsarbeidet med Sangaste på julaftan.

-Fridleif orienterte om besøket hos prosten 5.januar

- Soknerådet vil sende inn forslag til frivillighetsprisen til hausten ved å nomimere folk i kyrkjelyden.

**Sak 03-20 Offersøknader/kollekt 2020**

Offersøknader må vente til offerlista for hausten skal vedtakast.

**Sak 04-20 Kyrkjevertliste og kyrkjekaffi**

Linda manglar ein kyrkjevert på lista si, blant anna til skjærtorsdag. Me diskuterte eventuelle kandidatar, og håper å få dratt inn folk som sjeldan er i kyrkja: kan det vere godt å ha ein «unnskyldning» for å gå på gudsteneste? Linda fekk nokre namn å spørje.

(Sissel set seg opp på lista og er kyrkjevert skjærtorsdag).

Kyrkjekaffi: Me vart samde om å halda fram med «vanleg» kyrkjekaffi etter fasegudstenestene (tårnagentar m.m.), og eventuelt berre servera kaffi, saft og kjeks etter ordinere gudstenester. Dette for ikkje å bruka opp bakarane våre (5 på lista). Då vil vårsemesteret si kaffiliste sjå slik ut:

- Julatrefesten vart det servert flott lunsjbord.
- Tårnagentgudstenesta i februar ønskjer me kyrkjekaffi med bakst.
- Årsmøte vert det servert kaffi og kjeks.

- Skjærtorsdag deler me eit kveldsmåltid.
- Helvik: me ønsker å utfordre eit lag/foreining til å selje mat.

## Sak 05-20 Evaluering av

### Ljosmesse søndag 01.12.19 kl 15:30

Ei fin oppleving, men lite folk (73 stk). Det var stort sett konfirmantar med foreldre. Kor vert resten av kyrkjelyden av? Kva kan gjerast for å trekke meir folk? Kan konfirmantane ut fordrast til diverse kulturelle innslag i tillegg til opplegget dei er med på? Bør me trekke inn andre aktørar i tillegg?

### Julekonserten laurdag 14.12.19 17:00

Gjekk greit. Fine innslag. Fullt hus (204). God gjennomgang av evakueringsplan ved eventuell brann (Elisabeth)

Elevane frå Bømlo folkehøgskule vart skyssa opp på galleriet, og dermed vart det frigjort ein del sitjeplasser nede. Me ynskjer eit møte med kantor allereie i vår for å planlegge julekonserten 2020.

*Kan han kallast inn allereie neste møte, 5.februar?*

Me må ikkje gløyme lokale flinke ungdommar som ikkje er med i skulekorpsset eller Lydius. T.d. Rebecca Pedersen (orgel), Julie Urangsæther (fløyte), Marius Sele (gitar) m.fl.

### Tre heilage kongars fest og gudsteneste søndag 05.01.20

Kjekk oppleving som me har fått mykje gode tilbakemeldingar på. Preike med dramatisering: levande Jesusbarn, song av dei heilage kongane og kamel som nikka takten engasjerte. Prest, organist og pedagog hadde gjort ein god jobb i forkant. Dåpen gjekk bra - sjølv om dåpsbarnet syntest lydnivået vart litt høg. Det var mykje folk (110) og trongt om plassen, så neste gang kan nattverden utelatast, for å unngå vandring i salen. (Det var ikkje berre enkelt). Dei fleste stoppa att etter gudstenesta og deltok på lunsjen og festen med stolleik, juletregang og englebesøk.

Det vart laga 50 godteposar til borna, og dette var rikeleg. Me held likevel på talet til neste år.

Tidspunktet for festen kan gjerne diskuterast til neste gang.

## Sak 06-20 Brannvern

Fridleif har sjekka opp med Trygve angåande tema, og brannpermen inneheld nødvendige papir i forhold til forskriftera.

Soknerådet ynskjer ei brannøving med gjennomgang av brannvern. Dette kan gjerne skje etter ei gudsteneste og me bør ha med flest mogeleg av dei faste aktørane i kyrkja.

**Sak 07-20 Årsmøte Lykling 15.03.20 – etter gudstenesta**

- Sekretær skriv årsmelding: ferdig til neste soknerådsmøte 5.februar
- Kasserer klargjer og presenterer regnskap, men det avheng med Azets sin kapasitet om dette vert ferdig til neste soknerådsmøte.
- Fridleif set opp statistikken.
- Vedteke å setja opp nytt budsjett på soknerådsmøte 11.mars
- Felles annonse frå kyrkjekontoret til innkalling

**Sak 08-20 Møteplan for våren 2020**

Saka vart utsett på førre møte i påvente av fellesrådet sine møtedatoar. Deira møtedatoar viser seg å ikkje kollidera med forslaget sett opp av leiар. Forslaget vedteke med ei endring: soknerådsmøtet 20.mai vert framskunda til 13.mai. I tillegg set me tidspunkt for møte i august ope til nærmare sommaren.

**Sak 09-20 Tilbod frå Osternes mannskor om å framføra eit prosjekt med songar og salmer**

Fridleif meiner at dette kan vera av interesse som temakveld i Lykling kyrkje. Soknerådet stiller seg positive, men ynskjer litt meir informasjon omkring praktisk gjennomføring og økonomi.

**Sak 10-20 Invitasjon frå FAU ved Våge skule til eit møte tysdag 14.01 kl 19:30 på skulen**

FAU tok kontakt med rådsmedlem Heidi, kor dei uttrykte eit ønske om å ha soknerådet og kyrkja med på eit møte for å diskutera 17.mai toget og gjennomføring i 2020.

Heidi informerte om at FAU ønsker å diskutere alternative ruter for 17 mai toget: frå Sakseid til Kanalen eller frå Kanalen til Våge, og at det kan setjast opp kyrkjeskyss for dei som ynskjer å gå i kyrkja. Argumentet er at det er kjedeleg å gå i 17.maitog gjennom skogen frå Våge til kyrkja.

Soknerådet er svært usamdi i at ruta skal endrast då dette vil medføre enno mindre oppslutning om og redusere kyrkja si rolle i nasjonaldagen. Ein vil miste det grunnleggande i feiringa:

- Grunnlova bygger på vår kristne og humanistiske arv.
- Minnestøtta over falne i krigen står ved kyrkja og det er på sin plass å heidre dei falne med krans, minneord og nasjonalsong på sjølve nasjonaldagen. Dette er ein svært viktig seremoni i nasjonaldagsfeiringa, skal ha ein sentral plass og bør ikkje gjerast om til noko eige for spesielt interesserte.
- Det historiske aspektet er viktig: Kyrkja har vore og er framleis viktig i dei store hendingane i livet. Ho gir ei eiga høgtid og dimensjon over dagen. Det vart ringt med kyrkjeklokken ved frigjeringa, og i dag, som den gong, har klokkeklangen eit viktig bodskap.

Det vart ein god samtale omkring dette og mykje frustrasjon vart lufta.

Lurt å få det gjort før møtet med FAU.

Fleire frå soknerådet ønsker stille på møte med FAU tysdag 14.jan:

Arne, Heidi, Inger og Fridleif. I tillegg ønsker me å spørja Ola Ersland, Johannes Hjelland (Elisabeth tek kontakt) og Øystein Olafsen (Fridleif tek kontakt).

I tillegg til å drøfte togruta ønsker soknerådet å invitere FAU til samtale om kva meir kyrkja kan bidra med på nasjonaldagen. Me ønsker og å samtale om suppeserveringa på skulen: Kvifor må denne starte før gudstenesta er slutt? Våge er einaste krinsen som serverer suppe midt i beste kyrkjetida.

#### Sak **11-20 Telefon for kyrkjeskyss**

Skal soknerådet framleis ha egen telefon for kyrkjeskyss? Gunnhild Pedersen har levert inn kyrkja sin telefon til leiar.

Det syner seg at tilbodet har vore lite nytta: dei som treng skyss har teke kontakt med Gunnhild privat eller ordna seg skyss på anna vis. Soknerådet vedtek at ordninga med telefonen fell bort. Me bør heller vere flinkare til å invitere med oss folk som me veit treng hjelp til skyss, når me dreg til kyrkja.

#### Sak **12-20 Visjon for Lykling kyrkje og soknet**

Me hadde gode samtalar omkring tru, håp og forventning undervegs i møtet, men grunna lang saksliste valde me å utsetje vidare drøfting i denne saka.

#### Sak **13-20 Ymse**

- Kan forsongargruppa sitje/stå framme i kyrkja i staden for oppe på galleriet? Det vil hjelpe på opplevinga av fellesskap. Me ønsker å diskutere dette med kantor.
- Korleis kan me få folk til å setje seg framme i kyrkja? Forslag om å kjøpe fine tau til å «stenge» dei bakarste rekkene med når ein ikkje venter mykje folk. Fleire hadde sett dette brukt andre stader.
- Treng ein noko meir enn teiknesaker og bøker som små born kan engasjera seg med under gudstenesta? Elisabeth kikkar litt etter kva som kan vere aktuelt.
- Treng me dåpsvert? Ja, Elisabeth går inn i rolla.
- Forslag om å kjøpe inn 3 blomar til utdeling neste soknerådsmøte. Astrid fikser dette

Neste soknerådsmøte vert onsdag 5.februar kl 17.30. Heidi er vertinne.

Referent Sissel S. Gåsland